



Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200604936-2/710/KARS

Dykkar ref.:
200601450

Bergen, 29. september 2006

Revisjon av veileder for grad av utnytting - høring. Fråsegn.

Viser til brev dagsett 07.07.06 om høring av revisjonsforslag til vegleiar for grad av utnytting. I høve til vår vegleiarrolle ovanfor kommunane og som forvaltar av regionalpolitiske mål, har vi følgande innspel til forslaget:

Berekningsmåtane for grad av utnytting

Det er svært ulikt kor vidt, og korleis, planforslaga viser grad av utnytting, noko som kan tyde på at det ikkje er eit prioritert tema i ein hektisk planprosess. Spesielt er det varierende kor rett utrekninga er i planar med høge bygg og både privat/felles parkering. Ut i frå dette er det hensiktsmessig å innføre T-BYA fordi det kan vere eit lettare tal å komme fram til og presentere med dagens DAK-metodar. I tillegg er det lettare å kontrollere for høyringsinstansane.

Gjennomsnittleg terrengnivå / høgd

Det er ofte vanskeleg å gi høyringsinnspel til planar når det gjeld terrengnivå. Dette er fordi byggeområda kan vere spreidd på ulike terreng i same plan, og dei ulike byggeføremåla kan krevje ulik terrenghandsaming. På Vestlandet kan byggeområda vere vanskelege å planere samstundes som ein skal sikre omsynet til landskap og krava om god landskapstilpassing. Vi ser det som naudsynt med ein betre reiskap til å definere ønskt terrenghandsaming. Frå regionalt hald vil ein ofte gi innspel om å tilpasse bygningsmassen til terrenget i staden for å sprengje vekk store areal eller bygge på store, planerte flater/høge murar. Vi saknar ein diskusjon om korleis opprinnelege terrengliner best mogleg kan definerast slik at ei skånsam landskapshandsaming kan sikrast i byggeprosessen. Å ta utgangspunkt i eksisterande terreng er i dette høvet å foretrekke, i motsetnad til vegleiar sine konklusjonar på side 54.

Ein definisjon som integrerar opprinneleg terrenghøgd og samstundes gir rom for å sette ei maksimum tillete planert terrenghøgd, kan skape betre grunnlag for å stille krav til ei estetisk landskapstilpassing av bygningar og byggetiltak. Dette vil også gi eit naudsynt supplement til dagens føresegner om terrenghandsaming, som ofte er basert på bør-utsagn og 'så godt som mulig'. Dette sikrar ikkje alltid i tilstrekkeleg grad ei god skildring av terrengnivå og kva landskapstilpassing som er ønskt frå regionale mynde si side.


Døma og illustrasjonane

Døma og illustrasjonane er generelt lettleslege. Dei kan likevel gjerast meir informative ved å verte knytte opp mot ein konkret plankartsituasjon – saman med døme på føresegner.

I tillegg bør det vere samsvar mellom tekst om bilete om kva som inngår i dei ulike definisjonane. Det er ei føremon om hovudtekst/figurtekst/figursymbol vert presisert i framstillinga; 'markert gult'.

Alternativt kan det leggest på symbol i figurane som viser kva delar av figuren som skal reknast inn i dei ulike omgrepa. Er til dømes symjebassenget ein del av bebygd areal i figur 2.5?

Generelt bør ein gå gjennom figurtekst og skildringane i teksten, til dømes: Figurtekst (Figur 4-7 a) og figurskildring (Figur 4-7.1) på side 54 samsvarer ikkje.


Marit Rødseth


Kari Sørebo

Kopi: Statens byggt tekniske etat, P.b. 8112 Dep, 0032 Oslo